



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/1757-

9. august 2019

Spørsmål nr. 2018 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Åsunn Lyngedal til samferdselsminister Jon Georg Dale

Spørsmål: "Kan statsråden legge fram andelen riksveiinvesteringer pr km riksvei gjort av SVV og Nye veier og antall km jernbaneinvestering, begge fordelt per fylke for perioden 2014-2017 og 2018-21 (inkl. planlagte investeringer)?"

Svar:

Det er viktig for regjeringa at vi får mest mogleg veg og bane for skattebetalaranes pengar. Det er derfor ikkje kor mykje pengar kvart fylke får i kvart enkelt år, men at dei prosjekta vi skal gjennomføre får dei pengane dei treng slik at dei vert gjennomført så raskt som mogleg.

Til dømes byggast det, i den perioda vi er på vei inn i no, meir enn 10 mil med motorveg sør og nord for Trondheim til ein lågare pris og med raskare bygging.

Tala må lesast med utgangspunkt i at det er kor mykje veg og bane vi får for pengane som er det viktigaste suksesskriteria for regjeringa.

Veg

Investering per meter

Tabellen nedanfor viser investeringsmidlar (millionar kroner) per km riksveg for perioden 2010-2019.

Riksveginvestering per km riksveg (mill. 2019-kr per km)

Region	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Øst	1,4	1,4	1,4	1,3	1,5	1,9	2,7	2,1	1,9	2,0
Sør	0,6	0,8	0,9	1,1	1,3	1,1	1,4	2,7	3,1	2,9
Vest	0,8	0,9	1,1	1,5	1,5	1,7	1,5	1,8	2,3	2,5
Midt	1,9	1,9	1,4	1,9	1,7	1,4	1,3	1,3	1,2	1,5
Nord	0,4	0,3	0,6	0,6	0,9	1,0	1,0	1,1	1,1	0,8

- Antall km veg per 1. januar 2019 er brukt alle år
- Løyving over kap. 1320 *Statens vegvesen*, post 30-37 (investeringspostane), slik midlane er fordelt på Statens vegvesen sine regionar. Som følgje av opphevinga av vegfritaket i merverdiavgiftslova, vart løyvinga til Statens vegvesen auka i 2013. For samanlikninga si skuld er løyvinga for 2010-203 justert opp.
- Tal for Nye Veier AS er basert på inngåtte vegutbyggingsavtalar.
- 2019-kroneverdi

Investeringsprosjekt går ofte på tvers av fylkesgrenser. Statens vegvesen fører ikkje fylkesvise budsjett, men fordeler budsjettmidlar til sine regionar. Tabellen er derfor delt inn etter Statens vegvesen sine regionar og ikkje etter fylke. I den grad investeringsmidlane er fordelte i Nasjonal transportplan 2018-2019, er det rutevis og ikkje regionvis. I tillegg er det ein vesentleg del av midlane som først blir fordelte i samband med dei årlege budsjetta. Dette gjeld mellom anna midlar til bymiljø- og byvekstvtalar, programområdetiltak, fornying og planlegging og grunnverv mm. Det er derfor ikkje no mogleg å setje opp tilsvarande oversikt for årene 2020 og 2021.

Tabellen nedanfor viser investeringsmidlar per capita.

Riksveginvestering per capita (kroner per capita)

Region	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Øst	1 905	1 796	1 875	1 641	1 864	2 372	3 371	2 597	2 249	2 345
Sør	1 267	1 585	1 652	2 085	2 537	2 138	2 578	5 031	5 602	5 342
Vest	1 522	1 701	2 112	2 895	2 783	3 140	2 804	3 238	4 128	4 613
Midt	3 581	3 646	2 628	3 497	3 039	2 424	2 260	2 301	2 133	2 546
Nord	2 448	1 895	3 881	3 669	5 946	6 831	6 668	7 158	7 276	5 226

- Befolkning per 1. januar
- Løyving over kap. 1320 *Statens vegvesen*, post 30-37 (investeringspostane), slik midlane er fordelt på Statens vegvesen sine regionar. Som følgje av opphevinga av vegfritaket i merverdiavgiftslova, vart løyvinga til Statens vegvesen auka i 2013. For samanlikninga si skuld er løyvinga for 2010-203 justert opp.
- Tal for Nye Veier AS er basert på inngåtte vegutbyggingsavtalar.
- 2019-kroneverdi

Samfunnsøkonomisk lønsemd

Representanten ber om følgande i grunngjevinga av spørsmålet: "Andelen prosjekter beregnet samfunnsøk. lønnsom per fylkes bes synliggjort."

Vedlagte rekneark med namn "Vegprosjekt – samfunnsøkonomisk lønsemd" gir ein oversikt over den samfunnsøkonomiske lønsemda til store vegprosjekt, med fylkesfordeling. Tala for netto nytte er berekna i samband med Nasjonal transportplan 2018-2029. I samband med rullering av Nasjonal transportplan vert det gjort nye samfunnsøkonomiske berekningar av heile prosjektportefølja.

Jernbane

Investering per meter

Tabellen nedanfor synleggjer fylkesvis inndeling av ulike større jernbaneprojekt for periodane 2014-2017 og 2018-2021. Tala nedanfor viser både avslutta og pågåande projekt for perioda. Prosjekta nedanfor er i ulike fasar, frå planlegging, prosjektering og bygging. Jernbaneprojekt vil ofte strekke seg over fleire fylker, og løpemetar for prosjekta som strekk seg over fleire fylker er difor oppgitt i eiga rad. Tal i høgre kolonne er økonomiske mål for dei prosjekta der det finst i avtalar mellom Bane NOR og Jernbanedirektoratet. Tabellen viser ikkje den omfattande satsinga på digitaliseringa av jernbana (ERTMS) der mellom anna Nordlandsbana er først ut.

Tala må derfor brukast med forsiktighet dersom det er den totale oppgraderinga av jernbana representanten er ute etter med sitt spørsmål.

Fylkesvis inndeling av store jernbaneprojekter	Løpemetar	Avtalerammer (tal i 1 000 kr)
Akershus	13 270	5 831 000
Akershus/Buskerud	43 000	22 867 000
Akershus/Hedmark	16 700	4 552 000
Buskerud	12 670	12 723 000
Hedmark	29 730	6 400 000
Hordaland	9 603	7 264 000
Oslo/Akershus	24 570	26 690 000
Telemark	22 460	7 440 000
Vestfold	27 918	12 995 000
Østfold	10 330	9 233 000
Totalsum	210 251	115 995 000

Samfunnsøkonomisk lønsemd

Når det gjeld berekningar av samfunnsøkonomisk lønsemd, er det viktig å presisera at dette er berekningar som vart laga i samband med arbeidet med i hovudsak NTP 2018-2029, og at grunnlaget for enkelte av berekningane difor er mange år gamle. Endringar i prosjekta (som gir endringar i investeringskostnadane) kan påverka resultatane i ei samfunnsøkonomisk analyse. Jernbanedirektoratet arbeider difor med å revidera enkelte analysar til kommande

NTP. Vedlagte rekneark med namn ""Jernbaneprojekt – samfunnsøkonomisk lønsemd" viser kva prosjekt som vart vurdert som samfunnsøkonomisk lønnsame. I tillegg viser excelfila ei oversikt over andre prosjekt som ikkje har same geografiske utstrekning.

Normalt takast det heller ikkje omsyn til fylkesgrenser i dei samfunnsøkonomiske analysane, men kva som har samfunnsøkonomisk verdi for landet sett under eitt. I jernbanesektoren pleier vi heller ikkje å rekna på samfunnsøkonomisk lønsemd av enkeltparsellar, men vi reknar på pakkar av tiltak og verkemiddel som må til for å realisera ei tilbodsending (effekt) for dei reisande eller godstransportørane. Ei slik effektpakke kan innehalda tiltak som ligg i ulike fylke, og som kan gje nytte for personar og gods som blir transportert over fylkesgrenser.

Med helsing

Jon Georg Dale

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskreven signatur.

2 Vedlegg